

10. juni 2021

Til fylkesordførar Jon Askeland

### **Interpellasjon om oppretting av nasjonalpark/landskapsvernområde og vindindustri**

Miljødirektoratet foreslår at tre heilt nye område i Vestland fylke vert vurdert som nasjonalpark eller landskapsvernområde, Hornelen i Bremanger, Masfjordfjella i Alver og Masfjorden og Øystesefjella i Kvam, Samnanger og Vaksdal. Miljødirektoratet foreslår også å utvide dei eksisterande nasjonalparkane, Jostedalsbreen og Jotunheimen. Og dei gjer framlegg om å gjere Ålfotbreen landskapsvernområde om til nasjonalpark.

Alle forslaga har lokal støtte, i følgje Miljødirektoratet. Det har derimot ikkje eit forslag om å gjere Naustdal -Gjengedal landskapsvernområde i Bremanger, Sunnfjord, Kinn og Gloppen kommune. Difor kjem ikkje direktoratet med forslag om det.

I tillegg er det initiativ i fylket vårt for å få nasjonalpark på Reksteren, Tysnes og Søre Øyane. Det som vert nemnt som Søre Bjørnafjorden nasjonalpark.

Bakgrunnen for alle forslaga om nasjonalpark/landskapsvernområde er sikring av naturmangfaldet og sterke friluftsliv -og rekreasjonsinteresser. Oppretting av verneområde kan også vere viktig for reiselivsnæringa.

### **Nasjonalpark eller vindindustri?**

For to av områda som vert foreslått til nasjonalpark/landskapsvernområde vil eit vern vere i direkte eller indirekte konflikt med planar for utbygging av vindindustri.

I fjellområda mellom Osterfjorden og Sognefjorden i kommunane Alver, Modalen, Masfjorden, Gulen og Høyanger arbeider fleire selskap ei gigantutbygging av vindturbinar, med til saman 65 mil med breie vegar i fjellområda. Ein del av dei planlagde vil kome i Masfjordfella som er foreslått som nasjonalpark/landskapsvernområde. Det er sterkt lokal motstand, inklusiv kommunane, mot desse planane.

Vest for Hornelen i Bremanger er det også omfattande planar for utbygging av vindindustri på Bremangerlandet. Ein nasjonalpark på Hornelen vil få vindturbinar som nærmeste nabo, og med det redusert verdi som verneområde.

I juni for eit år sidan vedtok eit samrådstyres fylkesting: «Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd med havbruk- og fiskeinteressene.»

Med forslag om å opprette nasjonalpark i Masfjordfjella er naturverdiane godt dokumenterte, og det vil vere ei naturleg oppfølgjing av vedtaket i juni i fjar å seie nei til planar om vindindustri.

Er fylkesordføraren samd i at det vil vere uaktuelt å støtte planar for vindindustri i Masfjordfjella og i dei andre områda i Nordhordland?

Vidare vil eg gjerne vite korleis fylkeskommunen vil følgje opp vedtaket om vindindustri frå juni 2020 og forslaga om nye verneområde i Vestland fylke.

Kommunane i dei områda som no vert foreslått utgreidd vidare har fått høve til å kome med innspel før Miljødirektoratet kom med sine forslag. Har fylkeskommunen på nokon måte vore involvert, og korleis vil fylkeskommunen følgje arbeidet vidare?

**Framlegg til vedtak:**

Vestland fylkeskommune stiller seg positive til nasjonalpark i dei vindkraftutsette Masfjordfjella.

Vestland fylkeskommune stiller seg positive til at områda Hornelen og Øystesefjella vert utgreidd til å verte verneområde som nasjonalpark eller landskapsvernområde. Vidare at Ålfotbreen vert gjort om frå landskapsvernområde til nasjonalpark.

Vestland fylkeskommune etterspør arbeid med å utgreie fleire område som nasjonalpark/landskapsvernområde, slik som Reksteren på Tysnes og Søre Øyane.

Åsmund Berthelsen, Sosialistisk Venstreparti